

<p>Læringssyn <i>Dette skal prege undervisninga ved Grinde skule</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> • Trivsel, tryggleik og respekt • Engasjement, nysgjerrigheit, kunnskap og meistring • Klare og tydelege krav • Tilpassing og tilrettelegging 	<p>Meistring</p>
<p>Elevsyn <i>Slik ser vi på elevane våre</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> • Alle er verdifulle og unike • Alle treng å bli sett og høyrte • Alle har ansvar for eigne handlingar • Alle treng å føle meistring 	<p>Respekt</p>
<p>Kollegasamarbeid <i>Som tilsett ved Grinde skule støtter eg dette</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> • Vi har respekt for alle i kollegiet • Vi gjer kvarandre gode • Vi har ein god delingskultur 	<p>Respekt</p>
<p>Foreldresamarbeid <i>Slik skal føresette bli møtt ved Grinde skule</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> • Vi er positive og konstruktive i vårt møte med føresette • Vi har eit ope og godt samarbeid med eleven i fokus • Vi gir klare og tydelege tilbakemeldingar 	<p>Positivt samarbeid</p>



S: Sosial kompetanse: Elevane skal utvikle seg til sjølvstendige individ som vurderer konsekvensane og tar ansvar for eigne handlingar. Opplæringa skal bidra til sosial tilknytning og meistring av ulike roller i samfunnet.

K: Kunnskap: Grunnleggjande dugleiker i bruk av språket, i rekning og talforståing og bruk av digitale hjelpemiddel er nødvendig for å møte utfordringar i samfunnet. Dette kjem ikkje av seg sjølv, men er eit resultat av innsats og læring. Elevane har ulikt utgangspunkt, brukar ulike læringsstrategiar og har ulik progresjon for å nå måla i læreplanen.

O: Om meg sjølv: Det elevane lærer om seg sjølv er noko av det mest viktige eit barn lærer seg i skulen. Vi ønskjer at våre elevar skal gå ut av Grinde skule med eit positivt og realistisk bilete av seg sjølv.